# ÅSTADDIKTING

AV EIRIK FAUSKE

I samarbeid med Dramatikkens hus



DET NORSKE TEATRET



MED

Lasse Kolsrud

Agnes Kittelsen

Ingeborg Sundrehagen Raustøl

Hilde Olausson

Oddgeir Thune

Elisabeth Sand

Sara Khorami

Regissør **KAI JOHNSEN**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Regiassistent **EIRIK FAUSKE**

Inspisient **HEDDA RØNNEBERG**

Sceneansvarlege **PELLE DENGSØ/TRYGGVE ILDAHL**

Kostymekoordinator **HILDE TOFASTRUD**

Rekvisittkoordinator **ÅSE-BERIT LITLESKARE**

Framsyninga varar omlag ein time

**FOTO** Dag Jenssen
Bilda er tatt i prøveperioden
**GRAFISK FORMGJEVING** Making Waves
**TRYKK** Print House

# ÅSTADDIKTING

## AV EIRIK FAUSKE

I samarbeid med Dramatikkens hus



*åstaddikting* **av Eirik Fauske** er det første i ein serie på sju teatertekstar som er blitt utvikla i eit samarbeid med Dramatikkens hus, og som kjem opp på Det Norske Teatret dei neste sesongane.

**URPREMIERE 25. FEBRUAR 2017 PÅ SCENE 3**



FØLG OSS

Facebook: detnorsketeatret
Twitter: @detnorsketeatre
Instagram: #detnorsketeatre

Vi navigerer saman i det eg vil kalle ei audmjuk og enkel frise med samankjeda tekstar av Eirik Fauske. (Sjå for dykk motstykket - det berømte Bayeux-teppet – den 70 meter lange broderte bilde-forteljinga frå ca 1070, gjennomteksta på latin, om Hertug Vilhelms erobring av England og slaget ved Hastings.) Med tema frå livet til heilt «vanlege menneske», i grenselandet mellom eit før og eit etter, prøver vi å utvide augeblikk til ei større forteljing, fleire samansette forteljingar.

Samtidig med oss har teatergeniet Robert Wilson i vekevis arbeidd rundt på huset med ei liknande, men kanskje meir mytisk verd, utdrag frå *Voluspå* og andre gudedikt. Wilson er ein av dei absolutt mest betydningsfulle teater-makarane i verda dei siste 50 åra. Det finst knapt ein opplyst scenekunstnar i den vestlege verda som ikkje er påverka av han. Han orkestrerer på sitt vis eit lyd- og bilderikt gesamtkunstwerk – ein metta, totalteatral, kunstferdig og gjennomstrukturert visjon av verda. Gå og sjå!

Vi arbeider nesten heilt motsett (men ikkje i opposisjon til Wilson) med vår *åstaddikting*. I framsyninga, og i tekstane til Fauske, vil ein nok ane enklare idear, kanskje heller som rissa opp av ein annan stor teaterpioner, polske Jerzy Grotowski (1933 – 1999). Han snakka om det fattige teateret. Han ville fjerne alt som ikkje var heilt nødvendig i teaterhendinga. Vi jobbar også på ein slags Via Negativa - gjennom det som ikkje blir uttrykt. Tilbake står skodespelaren, nokre tekstfragment og avgjerande vekt på publikums eige blikk. Korleis skaper vi oss sjølve og verda?

Kai Johnsen
Regissør

www.detnorsketeatret.no
**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44

AkerBP OBOS